
Fra: Kristin Schübeler Nielsen
Sendt: mandag 16. januar 2017 16.22
Til: Ingjerd Haugen; 'Atle Utkilen'
Kopi: Christian Hagerup Reinshol
Emne: Informasjon om vidare saksgang - Nedre Bergås bustadfelt

Hei!

I samband med handsaminga av reguleringsframlegget for Nedre Bergås bustadfelt, viser vi til materiale motteke frå dykk 23. desember. Der skriv de at de ønskjer at Plan- og miljøutvalet handsamer saka på nytt knytt til to av vilkåra i vedtaket, før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Administrasjonen har hatt dialog med leiar av Plan- og miljøutvalet, Ståle Hauge, om desse punkta. Utvalsleiar har opplyst at Plan- og miljøutvalet (PMU) ikkje hadde merknader til planen og at den er godkjent på vilkår, og at saka må verte handsama vidare gjennom det som er vanleg saksgang:

- Alle vilkår vert endra i tråd med vedtaket fatta av PMU 19.10.2016
- Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring
- Planfremjar sender inn sine merknader under høyringsperioden
- Merknadene vert handsama gjennom 2. gangs handsaming

Det er også eit alternativ å trekkje saka, og levere inn eit justert framlegg til ny 1. gangs handsaming. Dette vil medføre full ny handsaming av saka, inkludert gebyr.

Om de ønskjer å gå vidare med det som er vanleg saksgang, ber vi om at de først endrar alle vilkåra slik at dei er i tråd med PMU sitt vedtak, før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

Med venleg helsing



Kristin Nielsen
Arealplanleggar/siv.ark
Planavdelinga

Tlf: 56 37 51 03

Fra: Ingjerd Haugen [<mailto:Ingjerd@adu.no>]
Sendt: fredag 23. desember 2016 11.49
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Kristin Schübeler Nielsen; Christian Hagerup Reinshol
Emne: Arkivnr.: 14/5297

Hei

Sender over vår vurdering etter Plan- og miljøutvalet sitt vedtak for 1. gangs handsaming av reguleringsplanen for Nedre Bergås bustadfelt (saksnr.:128/16).

- Plankart (15.11.2016)

- Føresegn (15.11.2016)
- Planskildring (15.11.2016)
- Merknad til 1. gangs handsaming (brev, 23.12.2016)
- Illustrasjon E-s1 – E-s5 (vedlegg til brev)

Med venlig hilsen

Ingjerd Haugen (*sign*)

Direkte tlf.: 56168080

ADU as

Postboks 75

5952Fonnes

E-post: ingjerd@adu.no

Hjemmeside: www.adu.no